

Til Kunnskapsdepartementet

19.10.2020

Organisasjonane CP-foreningen, Autismeforeningen i Norge, NFU, HBF, Løvemammaene, LUPE og ISAAC Norge ber med dette om eit møte med Kunnskapsdepartementet der vi blir informert om den vidare prosessen med arbeidet med lovreguleringar i ny opplæringslov vedkomande alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK). Vi ynskjer også å bidra med informasjon og kunnskap for at den vidare prosessen rundt arbeidet blir god og sikrar elevane eit forsvarleg tilbod.

Høyringsinnspela til Nou 2019 nr 23 Ny opplæringslov, er no levert. Vi ynskjer å vere informert om og gi innspel til arbeidet vidare når det gjeld ivaretaking av elevar som treng opplæring i og på ASK. Som kjent vert det i Nou'en foreslått å fjerne paragrafane i opplæringslova som handlar om ASK. Grunngevinga er at dette er ein dobbeltregulering.

Vi er opptekne av at elevar med behov for ASK må få eigne rettar stadfesta i opplæringslova, både når det gjeld språk og bruk av kommunikasjonshjelpemiddel. Heldigvis er det også mange andre høyringsinstansar som er opptekne av dette. Det er sendt inn viktige høyringsinnspel frå eit samla ASK fagmiljø, brukerorganisasjonar og andre, som f.eks. Barneombudet.

Vi er kjent med at Kunnskapsdepartementet planlegg temabaserte høyringsmøte i tida framover. Vi ber om at ivaretaking av opplæringa til elevar med behov for ASK vert eit av dei tema som vert sett på dagsorden, og at vi blir invitert til eit slikt møte med Kunnskapsdepartementet.

Med helsing

Bente Johansen og Jenny S. Hysing, ISAAC Norge

Eva Buschmann, CP- foreningen

Hedvig Ekberg, NFU

Harald Hansen, LUPE

Elin Gunnarsson, Løvemammaene

Annette Dragsholt, Autismeforeningen i Norge

Elin Langdahl, Handikappede Barns Foreldreforening

